



## INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

### RETTSBOK

<b>Møtedag:</b>	17.04.2018
<b>Stad:</b>	Kommunestyresalen på Voss
<b>Sak:</b>	16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.
<b>Saka gjeld:</b>	Grensefastsetting for grunneiendom
<b>Rettsleiar:</b>	Jordskiftedommar Svein Linga
<b>Meddommarar:</b>	Eva Kristin Dahl Lars Helge Ljone
<b>Ingeniør:</b>	Oddbjørn Helland
<b>Protokollfører:</b>	Kari Nestaas
<b>Saka er kravd av:</b>	Lars Aslak Flatekvål
<b>Til behandling:</b>	Sakleg og geografisk avgrensing av saka Høyre partane sitt syn Planleggje vidare framdrift i saka.

Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Jan Petter Myhre		Voss (1235)	58	1
Hordaland fylkeskommune		Voss (1235)	60	1
Laila Flisram Jarle Norekvål		Voss (1235)	60	2
Sigbjørn Dugstad		Voss (1235)	60	3
Lars Aslak Flatekvål		Voss (1235)	61	1
Aaslaug H Hansen		Voss (1235)	61	2
Knut Flatekvål		Voss (1235)	61	4
Gunnar Amundsen		Voss (1235)	61	8
Per Christer Sivlesøy Norekvål		Voss (1235)	61	20
Nils Een		Voss (1235)	61	21
Steinar Een		Voss (1235)	62	1

Johannes Een		Voss (1235)	62	2
Svein Ekrem		Voss (1235)	62	3
Arvid Een		Voss (1235)	62	6
Randi Norekvål		Voss (1235)	63	1
Jon Taskjelle Norekvål		Voss (1235)	63	3
Jon Ringheim		Voss (1235)	63	4
Ingvald Ringheim		Voss (1235)	63	6
Nils Eirik Saue Gregersen		Voss (1235)	64	1
Kåre Hylland		Voss (1235)	64	4
Geir Helge Kristoffersen		Voss (1235)	64	5
Ivar Løne		Voss (1235)	64	13
Geir Løne		Voss (1235)	65	1
Nils Gjeraker		Voss (1235)	66	1
Ivar Løne		Voss (1235)	66	3
Ivar Løne		Voss (1235)	66	4
Ivar Løne		Voss (1235)	66	9
Ivar Løne		Voss (1235)	66	14
Ivar Løne		Voss (1235)	67	1
Marta Løne Seim		Voss (1235)	67	2
Ivar Løne		Voss (1235)	67	3
Marta Løne Seim		Voss (1235)	67	4
Ivar Løne		Voss (1235)	67	10
Ivar Løne		Voss (1235)	67	11

### Til stades

Lars Aslak Flatekvål, Trond Håvard Bjørnstad for Hordaland Fylkeskommune, Jorunn Svane Norekvål (tilhøyrar), Oddmund Norekvål for Knut Flatekvål og Per Christer Sivlesøy Norekvål, Gunnar Amundsen, Rune Gjeraker for Nils Gjeraker, Torleiv Norekvål for Randi Norekvål, Jarle Norekvål, Arvid Een, Jon Ringheim, Kåre Hylland, Nils Een, Jan Petter Myhre, Jon Taskjelle Norekvål, Geir Helge Kristoffersen, Nils Erik Saue Gregersen, Geir Løne, Marta Løne Seim, Johannes Een og Steinar B. Een.

Rettsleiaren viste til habilitetsreglane i domstollova §§ 106-108 som vart tidlegare utsendt. Ingen hadde merknader.

Eva Kristin Dahl har vore jordskiftemeddommar tidlegare.

Lars Helge Ljone har ikkje vore jordskiftemeddommar tidlegare. Etter å ha blitt orientert om kva det inneber å vere jordskiftemeddommar, gav han lovnad i samsvar med jordskiftelova § 2-8.

Rettsleiaren viste til kravet om grensefastsetjing og gjorde greie for status i framdrifta i saka. Han informerte om at det førre møte var eit saksførebuande møte og at ingen avgjerder blei tekne der. Avgjerda om kven som skal vere partar vidare skal avgjerast etter dette møtet.

Retten gjekk igjennom kartet med påstandane frå førre møte, og partane fekk koma med sine synspunkt og justere påstandane sine.

Eit revidert påstandskart vert vedlagt denne rettsboka.

Retten gjekk igjennom protokollen frå førre møte og las opp dei eigendommene som ikkje såg seg som part i saka då. Etter gjennomgang blei det klart kven som ikkje lenger skulle vera partar i saka vidare.

Partane blei minna om plikta til å klargjera saka, og bad om at eventuelt ytterlegare dokument og andre bevis som til dømes merkjer i terrenget blir lagt fram/gjort kjend for retten så snart som råd.

Hovudforhandling i saka er tidsett til 20. og 21. august 2018, og nye bevis må vera retten i hende innan 14 dagar før møtet. Dag 1 av hovudforhandlinga skal foregå i rettslokale fyrste del og synfaring av nedre del av området i andre del. Dag 2 av hovudforhandlinga skal føregå til fjells, med ei oppsummering innandørs til slutt. Ein må vera førebudd på lange arbeidsdagar. Det var ingen merknader til plan for hovudforhandling.

Etter gjennomgang av yttergrensene for rekvirentens påstandar og dei tilgrensande partane sitt syn, synest den geografiske avgensinga av saka å vera klarlagt.

Ingen av partane protesterte mot at saka vert gjennomført. Slik saka står no, meiner jordskifteretten at vilkåra for å gjennomføre saka er oppfylte. Behandlinga tek difor til, jf. jordskiftelova § 6-4.

På spørsmål hadde ingen merknader til forhandlingane.

Rettsmøtet varde frå kl. 09.00 til kl. 10.45.

**Retten heva.**

17.04.2018

Svein Linga  
jorskiŧtedommar

# Førebels påstandskart etter saksførebuande møte 17.04.2018

